



**Grøntprodusentenes**  
Samarbeidsråd

## Aukande volum av plommer og eple

Morellsesongen går no mot slutten, men det blir pakka moreller også neste veke. Det samla volumet ser ut til å hamne på nivå med prognosen. Sesongen har vore god, med fin kvalitet, godt sal og lite lagerbygging.

Plommesesongen er godt i gang i alle regionar. Dei to fyrste vekene har volumet vore godt over prognosen, hovudsakleg på grunn av varmen på Austlandet.

Etter ein forsiktig start med tidlegeple førre veke, er pakkeria i Lier og Telemark no i gang med å pakke Discovery. Dei andre pakkeria startar pakking av Discovery neste veke.

Neste veke kjem det ein ny, oppdatert frukt prognose.

